



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Randi Erdal, 5764 3073

Stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021

Vi syner til rundskriv 20120-43 frå Landbruksdirektoratet og informerer med dette om at kommunar og veterinærvaktdistrikt kan søkje om stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021.

Vi gjer kommunane spesielt merksame på følgjande for 2021:

- **Kommunane si rolle er presisert. Kommunane skal lyse ut ordninga.**
- **Prøveordning der kommunen kan stille krav om deltaking i vaktordninga.**

Stortinget har løyvd 32,4 millionar kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021 der Vestland fylke er tildelt kr 5 992 000 kroner. Statsforvaltaren i Vestland gjer vedtak om tildeling av midlane etter handsaming av søknadar frå kommunar eller vakttdistrikt i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet.

Føremålet med stimuleringstilskotet er å medverke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsssvake områder.

Prøveordning – kommunen kan setje vilkår om at veterinærar deltek i vaktordning

For tilskotsåret 2021 og 2022 blir det innført ei prøveordning for stimuleringstilskot til kommunar. Kommunar som har utfordringar med å få nok veterinærar til å delta i klinisk veterinæravakt kan for 2021, stille krav om vakttdeltaking for at veterinærane skal kunne få stimuleringstilskot. Denne ordninga vil bli evaluert i 2022 på grunnlag av erfaringar frå 2021.

Vi gjer dykk merksame på at, kommunar som stiller krav om å delta i vaktordninga for å motta stimuleringstilskot for 2021, skal rapportere om dette særskild.



Kven kan søkje

Alle kommunar og vakt-distrikt i Vestland kan søkje om midlar til tiltak. Det er administrasjonskommunen som søker på vegne av vakt-distriktet om heile vakt-distriktet søker i lag.

Utlysing

Kommunar som ønsker å søke om stimuleringstilskot, må lyse ut ordninga på ein hensiktsmessig måte, og sette ein frist. I dette ligg det at alle veterinærar som arbeider eller bur i området, gjevast den same moglegheitene til å søkje om tilskot. Med bakgrunn i dette, kan kommunane søkje om stimuleringsmidlar.

Søknad og søknadsfrist

Søknad skal skje elektronisk via Altinn. Frist for å søkje er: **1. mars**

Statsforvaltaren handsamar og sender ut vedtaksbrev elektronisk via Agros. For nærare rettleiing om elektronisk søknad, sjå vedlagte kopi av rundskriv 2020-43. Søknadsskjemaet finn de på Altinn:

[Skjema](#)

Føringar og prioriteringar

Rundskriv 2020-43 legg føringar for kva vurderingar statsforvaltaren skal leggje til grunn for løyving, og listar opp følgjande:

- a) Kommunar med dårleg næringsgrunnlag for veterinærar skal prioriterast.
- b) Lavt dyretal og krevjande infrastruktur bør vere blant kriteria for tildeling av tilskot.
- c) At stimuleringstiltaket er hensiktsmessig for å bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, vil være relevant å leggje vekt på..
- d) At det er vanskeleg å rekruttere og behalde veterinær vil være relevant å leggje vekt på.

Dei mest aktuelle stimuleringstiltaka er etableringsstøtte, driftsstøtte og støtte til å oppretthalde kommunale veterinærstillingar kor den tilsette òg kan bidra til å løyse ulike oppgåver i kommunen kor veterinærens kompetanse kjem til nytte.

Landbruksdirektoratet utarbeidde eit hjelpemiddel i 2018 som også vert nytta i lag med kriteria og våre vurderingar av søknadane. Dette hjelpemiddelet er eit rekneark som syner tal dyr per kommune, vekta etter antatt innteningsgrunnlag for veterinærane etter dyreslag.

Rapportering av midlar tildelt i 2020

Når det gjeld rapportering av midlar som vart tildelt førre år, skal de gjere dette når de søker om nye midlar i Altinn. Saman med rapporteringa skal kommunen føre opp kor mykje som er brukt på dei ulike tiltaka: driftsstøtte, etableringsstøtte, etablere kommunal stilling og annet. Rapporteringa er omtala i rundskrivet og følgjande skal førast opp:

- Kalenderår
- Kor myke midlar er eventuelt ikkje brukt
- Skildring av korleis tilskotet er brukt

Det er også mogleg å laste opp vedlegg. Døme på aktuelle vedlegg: utfyllande informasjon, utdrag av rekneskap.

Om kommunen/vakt-distriktet allereie har sendt rapport om midlar tildelt i 2020 til, så kan de sjå vekk frå desse feltene i søknadsskjemaet når de søker om nye midlar.



Dei kommunane som ikkje tenkjer å søkje om midlar, men som skal rapportere på tildeling for 2020, må sende rapporten direkte til Statsforvaltaren i Vestland på epost: sfvlpost@statsforvalteren.no

Har de spørsmål knytt til ordninga eller søknad, ta kontakt.

Med helsing

Christian Rekkedal
Landbruksdirektør

Randi Erdal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021- Rundskriv 2020-43



Mottakerliste:

Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD



Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD